



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statssekretæren

Vestlandsrådet
Postboks 130 Sentrum
4001 Stavanger

Dykkar ref
13/9442-3

Vår ref
13/642-24

Dato
28 JUN 2013

Meld. St. 13 (2012–2013) Ta heile Noreg i bruk - svar på uttale

Eg viser til og takkar for brev av 6. juni 2013 med referat frå Vestlandsrådet sitt vedtak i samband med Meld. St. 13 (2012–2013).

Vestlandsrådet er oppteke av kva rolle byar og regionale sentra spelar i det regionale Noreg og relasjonane mellom by og distrikt. Eg viser her til omtalen av regionforstørring i kapittel 4 i stortingsmeldinga, og perspektivet om kopling av arbeidsmarknader i framtidige prosessar med Nasjonal transportplan. Desse vil mellom anna ha relevans for små og mellomstore byar sitt samspel med omlandet. Vidare vil eg vise til utviklingsprogrammet for små og mellomstore byar med vekt på samspel mellom byane og omlandet. Programmet skal medverke til å styrke byane som regional utviklingskraft. Programmet er omtalt i stortingsmeldinga og i statsbudsjettet for 2013, og departementet arbeider for tida med å konkretisere form og innhald på programmet.

Meldinga blei handsama i Stortinget 12. juni 2013, sjå og Innst. 414 S (2012–2013) frå Kommunal- og forvaltningskomiteen.

Med helsing

Anne Beathe Tvinnereim